

**Kyrkjegardsdugnad med godt frammøte**

12.11.2011



**Tidlegare i år opplevde leiaren i soknerådet å bli åleina då ho spontant innkalla til dugnad. Men det var ikke nokon typisk situasjon. I dag har det vore ny dugnad og då med godt frammøte. 10 møtte fram og dei hadde både motorsag og traktor til disposisjon, Leiari Møyfrid Kristoffersen var svært godt fornøgd med jobben som vart gjort på eittpar timer.**

Det som vrat gjort var mellom anna felling av endel furu ved inngangen, Buskene hadde vakse seg store og stengde for utsynet. Også busker på baksida vart felt. Vidare vart mykje mose fjerna, ikkje minst mellom skiferheller. Lauvraking var også ei sentral oppgåve.

- Dette er eit døme på at dugnadsanda lever også i soknerådet, sa Møyfrid. Ho konstaterte at både tidlegare og nyvalde medlemer møtte fram.

Dugnadslaget jobba ved ei tildels nymåla kyrkje. For få veker sidan måla eit profesjonelt firma vestveggen som var mest slitt og til sommaren blir det gjennomført meir måling. Med andre ord skjer det eit samspel mellom fellesrådet og soknerådet med opprustingen av kyrkja fram mot 100-årsjubileet i 2014. Og snart kjem Kaare Skaala i gang med jubileumsboka...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen